



KYSTVERKET

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Vår ref  
2023/3044-4

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
28.07.2023

## Fråsegn til planprogram – Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023–2035 - Samnanger kommune - Vestland fylke

Kystverket syner til varsel om oppstart av 22.6.2023, frå Samnanger kommune.

Formålet med planarbeidet er å lage eit godt politisk og administrativt styringsdokument, som kan gje føringar for vidare sakshandsaming og planlegging.

### Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikring og beredskap mot akutt forureining. Kystverket ligg under Nærings- og fiskeridepartementet.

Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Kystverket har fått i oppdrag å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportssystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er særskild viktig for næringsutvikling langs med kysten og for at norske bedrifter kan inngå i større handels- og produksjonsnettverk, og for at personar skal kome seg mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#). Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsslova.

### Kystverket sine innspel

Maritim verksemd, bruk av sjøen og sjøretta landareal til transport, næringsverksemd og fritidsbruk, har ein naturleg plass i samfunnsplanlegginga. For slike aktivitetar er det viktig at samfunnsplanen vert framtidssretta og gir premisser for avklaring av arealbruk på sjø og land. Det er viktig at kommunen ser sjøtransport og bruk av sjøareal i samanheng med eksisterande og framtidige nærings- og industriareal, vegar, bustad- og sentrumsområde mm. Alle vekstnæringer treng velfungerande logistikk-løysingar, gode areal og eit godt samspel med omgjevnadene.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



I den vidare arealforvaltninga gjennom kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, områdeplanar og detaljplanar, må kommunen vere observant på at det ikkje vert lagt til rette for aktivitetar som hindrar for sikring og framkome på sjøen.

Vi rår til at kommunen i planleggingsfasen nyttar seg av Kystverket si kartteneste «KystInfo». Her finn ein sjøkart og andre sjørelaterte opplysingar. Informasjon om kvar fartøy av ein viss storleik ferdast, tal på fartøy mm. er tilgjengeleg gjennom «Kystdatahuset».

### **Oppsummering**

Kystverket syner til våre faglege råd og innspel i dette brevet og ber om at ein tek omsyn til desse i planarbeidet.

Med helsing

Aase Kristin Eikenæs Marthinsen  
avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*